

# ETABLERING AV SELSKAP

**Skal du starte eige føretak/selskap? Eller skal du gjere endringar i eit eksisterande? Du må vurdere mange ulike moment i forhold til kva føretaks-/selskapsform du skal velge for den verksemda du skal drive.**

**Me kan gje råd om kva som passer best. Me kan også hjelpe deg med nødvendig papirarbeid og registreringar for at ditt føretak skal bli operativt eller når du skal gjere endringar.**

## Mange omsyn å ta ved val av selskapsform

Det er ei rekke formelle vilkår som må oppfyllest ved etablering av dei enkelte selskapsformer. Alle som driv eit føretak/selskap vil uansett selskapsform måtte forhalde seg til ei lang rekke tilknyttta lovar, som føretaksregisterloven, bokføringsloven, rekneskapsloven, skatteloven, likningsloven, revisjonsloven og merverdiavgiftsloven osv.

Kva selskapsform passer til ditt føretak? Dette må vurderast ut frå:

- kva type næring du skal drive
- kor stor risiko det er innan bransjen, og kor stor risiko vil du ta
- korleis skaffe kapital til drift og investeringar i føretaket
- uttak av lønn/arbeidsvederlag og utbytte frå føretaket
- vurdering av skatt og opparbeiding av pensjonsrettar
- disposisjonsrett til eigedelar i føretaket

## Dei viktigaste selskapsformene

Nedanfor er dei viktigaste selskapsformene presentert kort med fokus på ansvar, risiko, fordeling av overskot, rettar og plikter.

### Enkelpersonføretak (ENK)

Føretaket vert drive for ein enkeltperson si rekning og risiko. Det er ikkje skilje mellom nærings- og privatrettsleg ansvar, slik at eigar er fullt og heilt personleg ansvarleg for føretaket sine forpliktingar. Heile overskotet vert skattlagt, uavhengig av privat uttak av "lønn".

### Ansvarleg selskap (ANS og DA)

Føretaket er eigd av to eller fleire eigarar/deltakarar, som eig sin prosentvis del av selskapet.

Det er solidaransvar i ANS, dvs. alle deltakarane har personleg ansvar for *heile* gjelda.

DA har delt ansvar, dvs. deltakarane har gjeldsansvar lik sin eigardel i selskapet.

Det er krav til selskapsavtale som skal omtale føremål, deltakarar, eigardelar, overskotsfordeling mm.

Overskotet i selskapet blir skattlagt på deltakarane i høve til sin del i selskapsavtalen. Det er revisjonsplikt ved omsetting større enn kr. 5 millionar, eller ved minst 5 deltakarar.

### Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap kan ha frå ein til svært mange eigarar.

Eigarar av AS er ikkje personleg ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, potensielt tap er avgrensa til innskoten aksjekapital. Ved opptak av lån kan det ofte bli stilla krav om personleg sikkerheit/pant. Krav om val av styre, styremøter, generalforsamling mm. Uttak frå selskapet i form av lønn eller utbytte. Selskapet er eige skattesubjekt. Revisjonsplikt under gitte vilkår, bl.a. omsetting over kr. 5 millionar.

### Samvirkeføretak (SA)

Føretaket må ha minst to medlemmer. Det er ikkje krav om medlemsinnkot, men det er likevel vanleg.

Medlemmene har ikkje personleg ansvar for føretaket sine forpliktingar. Avkastninga vert normalt fordelt mellom medlemmene etter omsetting. Krav om styre på minst tre personar. Krav om stiftelsesdokument og vedtekter.

### Foreningar og lag

Forening eller lag er som hovudregel ein sjølveigande organisasjonsform og ein eigen juridisk person. Som regel er dei eit samarbeid om felles økonomiske

interesser, typisk elveeigarlag, grunneigarlag, vatningslag. Foreninga eig seg sjølv, og dermed også formua si.

### Tingrettsleg sameige

Dette er ikkje ei føretaksform, men vert teke med i oversikten pga. det er aktuelt i forhold til eigedom. Eit tingrettsleg sameige oppstår når to eller fleire eig ein formuegjenstand (t.d. ein eigedom) saman. Sameige er ikkje ei føretaksform med avgrensa økonomisk ansvar, alle deltakarane har i utgangspunktet fullt ansvar for den verksemda dei har saman. Kvar sameigar råder over sin part, og rettar og plikter er knytta direkte til den enkelte sameigar.

## Konkret val av selskapsform

Val av organisasjonsform må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle. Det er sjeldan eit fasitsvar på kva organisasjonsform som bør velgast, fordeler og ulemper må vurderast opp mot kvarandre.

Døme på spørsmål som er aktuelle:

Spørsmål	Kommentar
Kor stor er den økonomiske risikoen ved sjølve prosjektet?	Ved stor risiko bør AS eller ANS/DA vurderast
Er det behov for risikospreiing?	Aktuelt med ein kombinasjon av fleire AS eller fleire organisasjonsformer (AS-ENK). Kanskje driftsselskap og eigedomsselskap?
Eigarskap til verksemda/prosjektet	Ein eigar = ENK eller AS Fleire eigarar = AS eller ANS/DA
Behov for økonomisk eller sosial sikkerheit? (fast lønn, trygderettar mm)	AS er eit opplagt val
Kor viktig er den personlege handlefriheiten?	Eigarforhold/-struktur kan gje begrensingar. Handlefriheiten er klart størst ved ENK eller 100% eigd AS

## Spesielle forhold i landbruket

Det er nokre forhold i landbruket som kan få avgjerande betydning for kva organisasjonsform som vert valgt:

- eit AS eigd av eit anna AS har ikkje rett på produksjonstilskot, men AS eigd av personlege eigarar har det
- løn frå AS gjev ikkje rett til jordbruksfrådrag ved drift av landbrukseigedom. Eiga næringsinntekt frå

ENK og eventuell arbeidsgodtgjering frå samdrift (DA) gjev derimot rett til jordbruksfrådrag

- det er ulike avgrensingar i mjølkekvote og driftstilskot i mjølkeproduksjonen for ENK og DA
- det kan søkjast om avløysartilskot utan dokumentasjon i DA

Ut frå desse forholda er ENK den mest utbreidde selskapsforma for drift av ein tradisjonell landbrukseigedom. Samdrifter i mjølkeproduksjon er som oftast organisert som eit DA.

## Etablering, endringar og registrering av føretaket

Avhengig av kva val som blir gjort av selskapsform, må føretaket registrerast i Foretaksregisteret, aksjonærregisteret, hjå skattemyndigheiter osv. Det same gjeld når du skal endre frå ei selskapsform til ei anna. Dette er arbeid som me har lang erfaring i å utføre.

## Kva vil vårt arbeid koste?

Vår rådgjeving vert utført på timebasis. Normalt vil arbeidet med dette for dei enkelte føretaksformene ligge på :

- Enkeltpersonføretak: ca kr. 1.000
- DA kr. 5-7.000  
+ registrering i føretaksregisteret kr. 5-7.000
- AS kr. 5-7.000  
+ stiftelsekostnader kr. 5-7.000 Brønnøysund

Rådgjeving og diskusjon kring val av selskapsform er også på timebasis, her vil det vera meir individuelt kor mange timar som går med.

### Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209  
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990  
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no  
www.kleppgrl.no  
Org.nr. 971 557 397  
Bankkonto: 3290.05.90228